

Låvedans med Edwards og Savage

04.07.2007

Laurdag 14. juli vil Dønhauglåven vera rydda på nytt og gjort klar til dans. Denne gongen er det artistar som opphavelig kjem frå den andre sida av Atlanteren som står for dansemusikken.

Gil Edvards (USA) og Pat Savage (Canada) kjem med band. Dei to dyktige muskarane opererar eigentleg innan sjangeren roots/rock, men også med innslag av blues, country og pop. På Dønhaug vil dei i tillegg leggja vekt på at musikken skal vera god å dansa etter.

Pat og Gill er mest kjende som artistar innan mororsykkelmiljøet og opptrer på dei store treffa rundt om i verda. Etter Dønhaug neste laurdag dreg dei direkte til Portugal der dei har konsertar 18. og 19. juli. Dei som ynskjer meir informasjon om dei to kan gå inn på musikk sida www.myspace.com/patsavage eller www.myspace.com/giledwards.

Magne Huglen minnar om at låvedansane i juli har vore utselde dei to siste åra og difor anbefalar han gjestene om å skaffa seg billetter på førehand for å vera sikra plass. Nytt no er at Dønhauglåven og Dønhaugkjedlaren er slege saman til eitt skjenkeområde slik at gjestene heretter kan vandra fritt mellom dei to lokala. I tillegg vil idrettslaget selja grillmat og det vert som vanleg sett opp transport både utover og innover når dansen er slutt – det vil seia kl. 01.15.